

Sak 1.3 Møtereclar

Rogaland SVs årsmøte 2026

Forslag frå representantskapet

Opning og konstituering

1. Opning av møtet ved leiar

Godkjenning av innkalling

Val av ordstyrarar og referentar

Formøte

2. Vidare konstituering av møtet ved ordstyrarane

Opprop. Godkjenning av delegatar

Godkjenning av dagsorden og tidsplan

Godkjenning av møtereclarane

Val av redaksjonsnemnd(er)

Val av teljekorps

Val av protokollunderskrivarar

Møteregeir

1. Opent møte

Årsmøtet er opent for alle medlemmar dersom ikkje noko anna blir bestemt.

2. Deltakarane sine rettar

2.1. Full tale-, forslags- og stemmerett har:

- a) Delegatane valt av lokallaga og SU, jf. vedtektene § 2.1
- b) Representantskapsmedlemmer, inkludert fylkesstyret. Desse har ikkje stemmerett under behandling av årsmelding og rekneskap.

2.2. Tale- og forslagsrett har:

- a) Stortingsrepresentant og fylkestingsrepresentantar
- b) Kontaktpersonar for sentrale utval
- c) Fylkessekretær
- d) Observatørar frå lokallag utan delegatar på årsmøtet
- e) Leiar av valkomiteen under sak om val

2.3. Talerett har:

- a) Observatørar frå lokallaga
- b) Inviterte innleiarar og gjester

2.4. Dersom ein delegat med stemmerett må forlata møterommet i delar av møtet, skal ein levera permisjonssøknad til dirigentbordet. Ved permisjon kan eventuelle varaer overta stemmeretten.

3. Fristar og fremming av forslag

3.1. Fristen for å føreslå saker til behandling, unntatt fråsegner, er 14 dagar før årsmøtet, jf. vedtektene § 2.2. Denne fristen gjeld også endringsforslag til vedtektene. Årsmøtet kan ikkje behandla forslag som ikkje er til saker på dagsorden.

3.2. Fristen for å føreslå fråsegner er tre dagar før årsmøtet, onsdag 11. februar. Årsmøtet kan sjå bort frå denne fristen dersom fråsegner omhandlar saker som er så dagsaktuelle at det ikkje er rimeleg å forventa at dei blir fremma før fristen.

3.3. Endringsforslag må vera levert skriftleg med namn på forslagsstillar før strek blir sett i debatten. Årsmøtet kan vedta ein tidlegare frist. Ordstyrar refererer innkomne endringsforslag før strek blir sett.

4. Taletid

4.1. Ein kan få ordet to gonger til same sak. Taletida er 3 minutt første gong og 2 minutt andre gong. Innleiing til saka er unntatt. Alle som ikkje har norsk som morsmål, har funksjonsvariasjonar eller andre særskilde behov, kan be om 1 minutt ekstra taletid.

4.2. Årsmøtet avgjer når strek blir sett i debatten. Før strek blir sett skal talarlista og endringsforslag refererast, og nye talarar kan be om ordet.

4.3. Det kan bli gitt inntil to replikkar på kvart innlegg, på inntil 1 minutt kvar. Ein replikk skal vera ein merknad eller eit spørsmål til den som har innlegget. Den som hadde innlegget får høve til å svara i inntil 1 minutt.

4.4. Ordet til møteregele handlar om formalitetar og prosedyre og kan vera på inntil 1 minutt. Ein kan få ordet to gonger i same møteregele-debatt.

4.5. Ordet til møteregele og replikk blir gitt utanom talarlista.

4.6. Ordstyrar kan føreslå fleire avgrensingar i taletida viss det blir nødvendig av omsyn til tida som er sett av.

5. Votering

5.1. Votering skjer normalt ved handsopprekking. Dersom det er tvil om utfallet, blir stemmene talde. Votering skjer skriftleg dersom nokon krev det.

5.2. Ein kandidat er vald dersom vedkomande får meir enn halvdelen av dei avgitte stemmene, der blanke stemmer ikkje tel. Ved tre eller fleire forslag til same plass går den med færrest stemmer ut for kvar omgang inntil ein av kandidatane får meir enn halvdelen av dei avgitte stemmene. Ved like mange stemmer til kvar kandidat blir det omval, og deretter loddtrekking dersom det framleis står likt.

5.3. Vedtektsendringar kan berre bli vedtatt med minst 2/3 fleirtal av dei med stemmerett.

6. Redaksjonsnemnder

6.1 Fylkesstyret vel ei førebuande redaksjonsnemnd blant representantskapets medlemmer som innstiller på korleis dei ulike innkomne fråsegnene skal behandlast. Innstillinga med grunngiving blir sendt ut dagen før årsmøtet og lagt fram under konstitueringa av årsmøtet. Delegatar som ønskjer ein annan behandlingsmåte enn den som er innstilt frå den førebuande redaksjonsnemnda, fremmer forslag om dette innan debatten om fråsegner startar. I den førebuande redaksjonskomiteen si innstilling bør det leggst vekt på

- Kor mange fråsegner årsmøtet bør behandla
- Om fråsegnene inneheld ny politikk
- Om forslaga er tilstrekkeleg gjennomarbeidd
- Om forslaga har ei form som eignar seg til ekstern bruk

Dersom same lokallag/forlagsstillar står bak fleire forslag til fråsegner, blir også forlagsstillar bedt om å prioritera forslaga sine. Denne prioriteringa skal i så fall leggst vekt på av den førebuande redaksjonskomiteen.

6.2. Årsmøtet vel ei eller fleire redaksjonsnemnder. Redaksjonsnemnda skal innstilla på alle innkomne forslag til fråsegner og endringsforslaga til desse. Dersom det er behov for det, innstiller nemnda også på endringsforslag til andre årsmøtesaker.

6.3. Redaksjonsnemnda kan føreslå å sy saman liknande forslag, og gjera språklege og redaksjonelle endringar.

6.4. Redaksjonsnemnda kan innstilla på å avvisa, oversenda eller ikkje realitetsbehandla heile fråsegner uavhengig av om det er levert inn forslag på dette eller ikkje. Redaksjonsnemnda kan innstilla på at fråsegner vert å rekna som interne vedtak, og bør innstilla på kor dei ulike eksterne fråsegnene skal sendast (media, andre organ i partiet eller andre mottakarar).

6.5. Redaksjonsnemnda skal presentera innstillinga si før voteringa. Det skal gå fram av innstillinga om nemnda vil vedta, avvisa, oversenda eller ikkje realitetsbehandla endringsforslaga, og om nemnda kjem med eigne, redaksjonelle endringar (sjå punkt 6.3). Nemnda kan ha ei delt innstilling. Møtet skal kunna stemma over kvart enkelt endringsforslag, men kan også velja å stemma over alle endringsforslag og innstillingar til ei fråsegn eller sak samla. I så fall kan delegatar oppretthalda eller be om separat votering på forslag der ein ønskjer eit anna utfall enn redaksjonsnemnda, slik at årsmøtet kan stemma over dei.

7. Årsmøteprotokollen

Årsmøteprotokollen skal innehalda:

- Oversikt over møtedeltakarar, møtefunksjonærar og innleiarar.
- Oversikt over saker som blir behandla.
- Oversikt over forslagsstillarar og forslag,
- Innstillingar og vedtak, og stemmetal der det er aktuelt.

To protokollunderskrivarar godkjenner og skriv under protokollen. Representantskapet godkjenner protokollen endeleg.

8. Møtekultur

Det er god møtekultur å slå av eller setta mobiltelefonar på lydlaus profil ved møtestart.

Alle møte i regi av Rogaland SV skal legga etiske retningslinjer vedtatt av landsstyret til grunn: <https://www.sv.no/partiet/etiske-retningslinjer/>